

1. juni 2025

Innspel til Utvalet for framtidens fellesskule

frå nettverksgruppa Saman for skulebiblioteka

Me takkar for høvet til å vera med å gje innspel til arbeidet i Fellesskuleutvalet. Det mandatet de har fått, meiner me er svært, svært viktig, og heilt essensielt også for arbeidet me til dagleg driv i nettverket vårt.

Saman for skulebiblioteka-nettverket oppstod for eit par år sidan nettopp fordi me som jobbar i skulebiblioteka, såg og reagerte på, ein grunnleggjande skeivskap i tilgang på lesefremjande arenaer i skulen. Me har alle teke jobb i eit skulebibliotek med iver etter å kunna bidra i det som skal vera ein viktig del av skulen, og me har alle blitt møtt av den same urovekkande innsikta: Dagens norske skuleelevar får ikkje same moglegheit til å oppdaga lesing.

Dette er hovudbodskapen vår: Viss me skal ha ein fellesskule, må fellesskulen gje alle eit jamgodt skuletilbod.

Skulebiblioteket som lese- og kunnskapsformidlande fellesskapsarena, er ein viktig del av skulen. De i Fellesskuleutvalet må bruka mandatet dykkar til å føreslå overordna strukturendringar for å gje alle elevar ein skulekvardag der eit ordentleg skulebibliotek er ein integrert del av denne.

Her ser de kvifor:

Lik rett til utdanning

Dette er utgangspunktet for jobben vår, dette er utgangspunktet for denne teksten, og dette er også ein del av utgangspunktet for arbeidet de skal gjera i Fellesskuleutvalet: Alle innbyggjarar skal ha lik rett til utdanning. Uansett kvar ein veks opp og kva sosiale kontekst ein veks opp i, skal alle kunna møte ein tilsvarande god skulekvardag.

Slik er det ikkje når elevar i Oslo og Vadsø har radikalt ulike føresetnader for å bli glade i, og gode til, å lesa. Når elevar på ein skule har lesestund på eit godt bemanna bibliotek *på skulen*, med oppdatert og kuratert litteraturutval *kvar veke*, medan andre har besøk av ein ufaglært bokbussjåfør tredjekvar månad, seier det seg sjølv kvar ein har størst sjanse til å få gode lesevanar.

Det finst mange gode bokbussjåførar! Og mange skulebibliotekarar som gjev store delar av fritida si for å laga inspirerende og trygge bibliotekrom for elevane dei bryr seg om. Men me kan ikkje basera leseopplæringa i skulen på tilfeldige ordningar og ståpåvilje utanfor estimert arbeidstid.

Lesing er ein stor del av fellesskulen

I mandatet til Fellesskuleutvalet står det: «Skolen skal gi alle elever likeverdige muligheter til å utvikle seg, trives og lære. De siste årene har vi imidlertid sett en tydelig negativ trend i læringsresultater i skolen.» Lesedugleiken er ein stor del av dette, for lesing er viktig i alle fag. Difor må me satsa på å gje alle god opplæring, men også god tilgang på gode rom med bøker i.

Slike gode rom oppstår ikkje av seg sjølv, og heller ikkje med ein to timars ressurs i veka.

Skulebiblioteket er *den eine leseinstitusjonen me har* som me kan garantera at alle innbyggjarar er innom i løpet av livet. Dei gode lesevanane og dei formative leseopplevingane startar her. Difor er skulebiblioteket ein essensiell del av skulen.

Dette er også regjeringa samd i. Det er laga ein sentral leselyststrategi, og det blir løyvd midlar til skulebibliotek på diverse statsbudsjettpostar. Me ynskjer all vilje til å satsa på lesinga velkomen, men det som faktisk vil ha ein utjamnande effekt, er å byggja skulebiblioteket ut som ein integrert del av dei langsiktige planane. Ikkje berre med periodiske og usikre driftsmidlar. Der pengane når fram til dei som treng dei mest. Difor er det avgjerande at de i Utvalet for framtida sin fellesskule har skulebiblioteket med i arbeidet.

Dette ville vera eit sted i rett retning: Gje oss eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, der nokon har faktisk ansvar for å samla inn data og laga reell statistikk. Lag ein NOU om skulebibliotek for oss, som kan slå fast akkurat korleis systemet fungerer og korleis det kunne fungera viss systemet var betre.

Med dokumentert kunnskap kan me laga ein ekte fellesskule med skulebibliotek som fungerer for alle. Slik kan ein bestemma kva pengar som skal brukast kvar, og at dei som har ansvar må ta det.

Skulebiblioteka er fellesskulen i miniatyr

Ein stor del av oppgåva de i utvalet har fått, er å svara på dette:

- Korleis kan skulen i framtida gje alle elevar likeverdige moglegheiter, uavhengig av kjønn og bakgrunn?
- Kva treng born og unge å lære for å kunna leva gode liv i framtida, og kva er det skulen si oppgåve å ta ansvar for?
- Kva overordna endringar må til av innhald, omfang og organisering i skulen for at han skal ruste elevane til å møte utfordringar i framtida?

Frå vår ståstad er dette eit forenkla svar: Å byggja ut systemet for ordentlege skulebibliotek, slik at alle elevar i den norske fellesskulen har eit jamgodt tilbod, er ei slik overordna endring. Det er ikkje svaret på alle utfordringar, men det er svaret på mange av dei.

§ 11-2 i forskrifta til Opplæringslova seier at:

Skulebiblioteket skal bidra til å utvikle språkferdigheitene, leseferdigheitene og evna til å tenke kritisk hos elevane, og til å jamne ut sosiale forskjellar.

[...] Biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen.

Språkferdigheiter, leseferdigheiter, evne til å tenkja kritisk, jamna ut sosiale forskjellar, brukast aktivt i opplæringa. Slik me ser det, er dette nokså grunnleggjande delar av fellesskuleprosjektet.

Alt dette skal skje, og skjer, i skulebiblioteka. Skulebiblioteka er danning og utdanning, og gjev elevane heile skulen i miniatyr.

Lesing er viktig, trivsel og fellesskap er viktigast

Skulebiblioteka er fulle av folk (i den grad dei faktisk har folk) som er motiverte for å vera med å byggja opp det inkluderande fellesskapet me ynskjer at skulen skal representera. Det må me dra nytte av, ikkje utnytta.

At kvar og ein oppdagar lesinga er ein verdi, at me gjer det i fellesskap er kanskje endå viktigare. Å lesa saman er å leva saman, å lesa om andre gjev oss forståing for korleis det er å fungera i eit fellesskap. For å kunna bidra med arbeidskraft i framtida, må me vera rusta med kompetanse, men også med erfaringar og livsmeistring.

For å meistra kvardagen i eit samfunn, treng me fristader. Det gjeld på skulen og over alt elles. Stader der me kjenner oss trygge. Sosiale stader eller stader der me kan vera for oss sjølve. Stader der me kan gøyma oss eller stader der me vert sette. Stader som har plass til alle. Stader der me ikkje vert vurderte. Stader me kan bruka slik me sjølve vil.

På skulen er skulebiblioteket ein slik stad. Særskilt viss det jobbar nokon der. Det må me ha råd til å gje alle elevane våre, det må fellesskulen gje dei.